

DARTRIDE AS
Nedre Skøyen vei 11
0276 OSLO

Dato: 14.03.2017
Vår ref.: 2017/1929-2
Saksbehandlar: annvedv
Dykkar ref.:

Att. Roger D Pettersen

Søknad om 100 drosjeløyver i Hordaland – førebels svar etter fvl. § 11 a)

Ein viser til søknad frå DartRide AS dagsett 27. februar 2017. I medhald av fvl. § 11 a) er dette eit førebels svar på søknaden.

Søknaden gjeld 100 drosjeløyve i Hordaland løyvedistrikt som ikkje er kunngjort ledige. Etter yrkestransportlova § 9 er drosjeløyve behovsprøvde.

DartRide AS viser i søknaden til ESA si avgjersle av 22.02.2017. Samferdselsdepartementet har i pressemeldinga uttalt at ESA si avgjersle førebels er tatt til etterretning, og at ein no vil bruka tid på å setja seg inn i premissene for avgjersla og sjå på handlingsrommet, før ein tek standpunkt til vidare oppfølging i saka.

Løyvestyresmakta ser behov for ei avklaring frå Samferdselsdepartementet på kor vidt avgjersla frå ESA kan verka inn på behandling av søknader om drosjeløyver som etter gjeldande regelvert er underlagt behovsprøving.

Saksbehandlinga er stilt i bero inntil svar frå departementet ligg føre. Ein kjem attende til saka.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Anne Vedvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

